

# Forskrift om permisjon frå opplæringa ved skulane i Sveio kommune

Høyringsutkast per 25. mars 2024.

## § 1. Lovheimel

Forskrift om permisjon frå opplæringa ved skulane i Sveio kommune er heimla i LOV-2023-06-09-30; Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2.

## § 2. Føremål

Denne forskrifta regulerer handsaming av søknadar om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa. Det ligg til grunn for forskrifta at barn har plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10. klasse.

## § 3. Maksimal samanhengande permisjonstid for elevar i skulane i Sveio kommune

Elevar kan, om det blir vurdert som forsvarleg, få permisjon frå skulen i inntil to veker (inntil ti skuledagar) samanhengande, jamfør opplæringslova § 2-2. Ein permisjon avkortar retten til grunnskuleopplæring tilsvarande, jamfør Prop. 57 L (2022-2023).

## § 4. Foreldra sine plikter i permisjonstida

Retten til permisjon føreset at foreldra sørgjer for at eleven får den opplæringa som må til for å kunna følgja med i undervisninga på skulen etter permisjonen. Rektor ved skulen vurderer i kvart einskilt tilfelle kva krav som er naudsynte å stilla for den einskilde eleven, jamfør Prop. 57 L (2022-2023).

## § 5. Elevar som høyrer til anna trussamfunn enn Den norske kyrkja

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunna følgja med i opplæringa på skulen etter fråværet, jamfør opplæringslova § 2-2.

Det er ikkje eit krav at elev sjølv er medlem av det aktuelle trussamfunnet, jamfør Prop. 57 L (2022-2023).

## § 6. Avgjerdsmynde

Rektor har mynde til å handsama søknad om permisjon etter denne forskrifta. Det skal i kvart einskilt tilfelle vurderast om det samla sett er forsvarleg å gje eleven permisjon.

## § 7. Iverksetjing

Forskrift om permisjon frå opplæringa ved skulane i Sveio kommune gjeld frå 1. august 2024.